

Kvartalsrapport

2-2017



SpareBank 1 Hallingdal Valdres satsar på miljøvenleg transport. Banken har kjøpt inn 2 e-Golfar som kan brukast av tilsette til transport mellom avdelingskontora eller til møter.



Kommentarar 2. kvartal 2017

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Egedomsme kling
- Rekneskapsføring.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutvikling og investeringsverksemd.

Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemder inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 66,7 mill. kroner. Dette er 12,7 mill. over resultatet per 2. kvartal i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 87,2 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 97,8 mill. kroner som svarar til 2,13 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 39,8 mill. over tilsvarande periode i fjor, og kan forklarast med fleire eingongseffektar omtala nedanfor.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjør 85,2 mill. kroner og er noko over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2 kvartal på 1,85 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,76 %. Det er hittil i år kostnadsført 2,4 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjør halvparten av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjør 97,2 mill. kroner mot 66,5 mill. i same periode i fjor. Den store auken på 30,7 mill. kroner skuldast to tilhøve. I mars vart det gjort eit bytte av fondsandelar som førte til at ein kursgevinst på 12 mill. vart inntektsført. I tillegg har banken motteke eit ekstraordinært utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS i samband med omlegging av tidspunkt for utbytteutbetaling. Dette utgjør 17,7 mill. kroner. Begge desse inntektene er eingongseffektar.

Driftskostnadane per 2. kvartal minkar frå 67,2 mill. i fjor til 64,8 mill. kroner i år. Kostnadsreduksjonen kjem av fjorårets stillingsreduksjon gjennom tilbod om sluttpakker. Mesteparten av kostnaden knytt til dette tiltaket vart ført i 2016. Stillingsreduksjonen gir no reduksjon i lønskostnadane, men innføring av finansskatten gjennom høgare arbeidsgjevaravgift for finansnæringa meir enn veg opp kostnadsreduksjonen. Så langt i år er kostnaden knytt til høgare arbeidsgjevaravgift på vel 1,6 mill. kroner.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 6,4 mill. kroner mot 2,7 mill. i same periode i fjor. Tapskostnaden er på eit normalt nivå sett i høve til trenden dei siste åra. Nedskrivingar knytt til utlån er auka noko i kvartalet.

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 9,5 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har ein vekst på 6,5 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 887 mill. kroner eller 9,6 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,2 mrd. kroner til selskapet. Dette utgjør 21,6 % av balansførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 71,5 % til privatmarknaden og 28,5 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjør per 2. kvartal 75,2 mill. av utlånsvolumet og er ein liten auke frå 74 mill. på same tid i fjor. Misleghaldet utgjør med det berre 0,94 % av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjør 50,6 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 7,0 mrd. kroner, og er ein auke på 602 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,1 mrd. på privatmarknaden og 3,0 mill. innafor bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 9,4 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 88,5 % mot 89,5 % for eit år sidan.

Banken har per 2. kvartal 1,1 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 4 obligasjonslån på ca. 1,0 mrd. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 222 mill. kroner løpetid på under eit år. I kvartalet har banken for første gong tatt opp eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner for å styrke banken si kapitaldekning. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Egedomsme kling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellme gleren AS og har 17,1 årsverk. Selskapet har ein leiande

marknadsposisjon i Hallingdal, men er framleis i ein utfordrarposisjon i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 1,7 mill. noko som er 0,7 mill. under tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene er 1,3 mill. over 2. kvartal i 2016. Så langt i år har selskapet omsett 289 egedomar mot 281 i same periode i fjor. Selskapet har ikkje omsett så mange egedomar i perioden tidlegare.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 48,9 årsverk og er ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 0,3 mill. noko som er 1,8 mill. over tilsvarande periode i fjor. Selskapet har gjennomført mange tiltak på kostnadssida noko ein no ser resultatet av. Kjerneverksemda viser ei positiv utvikling i produksjonseffektivitet og har snudd eit negativt resultat i første halvår i fjor til eit lite overskot så langt i år.

Andre verksemder

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige av lokale til konsernet sine verksemder på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggenes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 2. kvartal på -0,1 mill. kroner. Dette er -0,3 mill. svakare enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein egedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet etter skatt per 2. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er på same nivå som same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtetal.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 10 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjør 13,2 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 66,7 mill.

Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 2. kvartal ei kapitaldekning på 19,17 %. For morbanken er kapitaldekninga på 17,72 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har i kvartalet tatt opp eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner for å styrke kapitaldekninga.

Framtidsutsikter

Prisutvikling på bustader og fritidsbustader ser ut til å flate ut, men korleksjonen ned ser førebels ut til å vere liten. Det gjer at styret held fast ved ein forventna utlånsvest for 2017 på over 6 %.

Vedvarande låg marknadsrente kan gje endringar i utlåns- og innskotsrenter i marknaden og kan setje større press på rentemarginen i andre halvår.

Etter fleire tiltak i fjor for å redusere kostnadane, er kostnadskontrollen i konsernet god.

SpareBank 1 Gruppen AS leverte eit resultat per 2. kvartal på nivå med 2016 og med eit så godt resultat vil det i stor grad påverke konsernresultatet for 2017.

Styret forventar at årsresultatet blir betre enn budsjettett.

Hallingdal, 30.06.17/14.08.17

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Sissel Bjørøen Vidar Isungset
styreleiar nestleiar

Odd Holde Tore Østlund Gro Lundby Ellen Intelhus

Knut Oscar Fleten
adm. banksjef

Resultatrekneskap 2. kvartal 2017 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 16	2. kv. 16	2. kv. 17	30.06.16	30.06.17		30.06.17	30.06.16	2. kv. 17	2. kv. 16	Året 16
263 383	65 000	69 483	131 177	136 760	Renteinntekter og liknande inntekter	135 628	129 852	68 727	64 367	260 775
106 402	26 744	25 382	54 480	51 518	Rentekostnader og liknande kostnader	51 612	54 439	25 290	26 730	106 359
156 981	38 256	44 101	76 697	85 242	Netto rente- og provisjonsinntekter	84 016	75 413	43 437	37 637	154 416
26 808	29 480	48 806	29 066	48 667	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	17 297	25 337	10 110	19 846	42 924
71 947	18 133	19 538	36 005	37 553	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	37 553	36 005	19 538	18 133	71 947
6 103	1 539	1 407	2 985	3 046	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	3 046	2 985	1 406	1 540	6 103
8 402	1 955	40	3 159	11 991	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	11 991	3 159	39	1 954	8 402
2 727	538	1 147	1 208	2 030	Andre driftsinntekter	38 229	38 365	17 322	17 928	71 823
103 781	48 567	68 124	66 454	97 195	Sum andre inntekter	102 024	99 881	45 603	56 321	188 993
260 762	86 823	112 226	143 151	182 437	Sum driftsinntekter	186 040	175 294	89 040	93 958	343 409
76 546	15 319	12 694	33 785	31 105	Personalkostnader	56 958	60 616	24 182	27 336	129 117
37 262	9 189	10 211	18 509	18 983	Administrasjonskostnader	18 530	18 240	10 021	8 979	36 739
4 441	1 134	1 060	2 235	2 074	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	6 353	6 106	3 231	3 081	12 612
27 848	6 351	6 149	12 628	12 631	Sum driftskostnader	17 202	18 042	7 299	8 858	40 317
146 097	31 993	30 115	67 156	64 793	Sum driftskostnader	99 043	103 004	44 733	48 254	218 785
114 665	54 830	82 111	75 995	117 644	Resultat før tap	86 997	72 290	44 307	45 704	124 624
9 148	1 550	6 486	2 686	6 388	Tap på utlån, garantier mv	6 388	2 686	6 486	1 550	9 148
-12 170	-26	0	-26	-27	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-27	-26	0	-26	2 418
117 687	53 306	75 625	73 335	111 282	Resultat etter tap	80 636	69 630	37 821	44 180	113 058
19 655	9 800	5 000	15 350	13 500	Skatt på ordinært resultat	13 915	15 602	5 346	10 059	18 553
98 032	43 506	70 625	57 985	97 782	Resultat av ordinær drift etter skatt	66 721	54 028	32 475	34 121	94 505
98 032	43 506	70 625	57 985	97 782	Resultat	66 721	54 028	32 475	34 121	94 505

Nøkkeltal

MORBANK	2. kv. 17	2. kv. 16	Året 16	Norm 16 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,85	1,76	1,76	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	35,52	46,91	56,03	50,02
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,41	1,54	1,64	1,31
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,28	13,77	10,64	11,70
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,11	10,88	8,86	9,37
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	11,51	0,89	8,43	9,46
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 191 064	2 063 895	2 092 551	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	9,58	7,27	8,95	10,52
Innskotsvekst i % siste 12 md.	9,35	5,40	10,04	7,93
Innskot i % av brutto utlån	88,48	89,46	85,82	83,73
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	6,54	0,53	5,67	8,31
Likviditetsreserve i % (LCR)	154,00	169,00	95,00	148,00
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 023 722	921 310	984 146	
Kapitaldekning i %	17,72	15,96	17,42	19,77
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	8,82	9,46	9,19	
Eigenkapitalprosent	12,86	12,46	12,44	10,72
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,63	0,65	0,60	0,58
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,08	0,04	0,12	0,14
KONSERN				
	2. kv. 17	2. kv. 16	Året 16	Norm 16 *
Likviditetsreserve i % (LCR)	180,00	177,00	112,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 147 141	1 022 448	1 084 713	
Kapitaldekning i %	19,17	17,07	18,49	19,03
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,00	10,39	10,08	

* Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.06.17	30.06.16	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.17	30.06.16	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	17 562	16 222	1 340	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	1 725	2 378	-653
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	3 276	3 389	-113	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	279	587	-308
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1 101	1	1 099	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-215	-228	13
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	21 100	21 838	-738	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	286	-1 473	1 759
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	2 093	2 692	-599	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-350	-325	-25
Sum	45 131	44 142	989	Sum	1 725	939	786

Balanse per 30. juni 2017

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.16	30.06.16	30.06.17	EIGEDELAR	30.06.17	30.06.16	31.12.16
71 508	67 926	70 835	Kontantar og fordringar på sentralbankar	70 835	67 926	71 508
359 568	611 490	520 834	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	520 290	611 512	359 583
7 685 355	7 201 490	7 961 626	Brutto utlån til og fordringar på kundar	7 862 744	7 099 661	7 582 727
-10 157	-13 689	-16 281	- Individuelle nedskrivningar	-16 280	-13 689	-10 157
-36 300	-32 800	-34 300	- Gruppevise nedskrivningar	-34 300	-32 800	-36 300
7 638 898	7 155 001	7 911 046	Netto utlån til og fordringar på kundar	7 812 164	7 053 172	7 536 270
14 246	16 082	5 046	Overtekte egedelar	5 046	16 082	14 246
416 042	444 976	397 831	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	397 831	444 976	416 042
428 100	492 983	441 085	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	441 405	507 811	428 419
51 552	51 552	78 071	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	161 072	132 787	148 878
47 959	38 122	48 317	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 560	7 051	4 560	Immatrielle egedelar	7 536	11 717	8 548
15 455	15 729	15 722	Varige driftsmidlar	112 794	110 238	113 853
5 006	11 478	2 017	Andre egedelar	24 649	34 000	26 103
21 224	21 574	22 690	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	49 470	47 111	45 835
9 074 118	8 933 965	9 518 055	Sum egedelar	9 603 092	9 037 332	9 169 285
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
6 595 457	6 442 099	7 044 421	Innskot frå og gjeld til kundar	7 028 567	6 432 897	6 580 720
1 140 288	1 186 538	995 610	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	995 610	1 186 538	1 140 288
72 452	34 343	37 979	Anna gjeld	45 607	42 525	73 774
13 976	34 517	34 329	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	41 420	43 615	22 026
23 086	23 156	22 155	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	23 887	24 995	24 819
-	-	60 000	Ansvarleg lånekapital	60 000	-	-
7 945 259	7 820 652	8 294 493	Sum gjeld	8 295 091	7 830 570	7 941 627
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 457	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
197 561	132 867	197 561	Utjamningsfond	197 561	132 867	197 561
101 802	92 965	101 802	Grunnfondskapital	101 802	92 965	101 802
11 039	11 039	8 039	Gåvefond	8 039	11 039	11 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	83 001	95 823	97 326
-	-	-	Anna eigenkapital	32 420	1 583	1 473
310 402	236 870	307 401	Sum opptent eigenkapital	422 823	334 277	409 201
-	57 985	97 703	Resultat hittil	66 721	54 028	-
1 128 859	1 113 313	1 223 562	Sum eigenkapital	1 308 001	1 206 762	1 227 658
9 074 118	8 933 965	9 518 055	Sum gjeld og eigenkapital	9 603 092	9 037 332	9 169 285
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
601 153	645 335	585 130	Betinga forpliktingar	585 130	645 335	601 153

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	2. kv. 17	2. kv. 16	Året 16
Brutto misleghaldne lån	75 233	74 007	68 195
- individuelle nedskrivning	15 081	12 580	10 016
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	60 152	61 427	58 179
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 191	1 564	1 617
- individuelle nedskrivning	1 200	864	141
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	-9	700	1 476
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-2 000	2 800	6 300
Endring individuell nedskrivning	6 477	-695	-4 963
Konstatert tap i perioden	2 918	939	12 188
Inngått på tidl.konst. tap	-1 007	-359	-4 377
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	6 388	2 685	9 148

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor:
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

